

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for næring, kultur og idrett

Møtedato: 03.09.2024

Møtetid: 09:00 - -13:35

Møtestad: Helsehuset, Møterom Alver

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Astrid N Sylta	medlem	AP	
Geir Nilssen	leiar	INP	
Øyvind Bratshaug	nestleiar	UAVH	
Bjørnar Grindheim	medlem	R	
Silje Nordal	medlem	H	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Esben Helland	MEDL	FRP
Svenning Asgeir Bjørke	MEDL	KRF

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Trond Morten Marøy	varamedlem	FRP	
Sølvi Vatnøy	varamedlem	KRF	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Tove Mette Arnø Fyllingen	Avdelingsleiar
Tove Hagenes	Rådgjevar
Kate Bentzen	Rådgjevar
Eirik Bouwer Utne	Tenesteleiar
Anders Olav Dale	Avd.leiar
Arne Eikefet	Rådgjevar

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel
------------	------------

PS 54/24	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 55/24	Godkjenning av møteprotokoll frå 18.06.2024
PS 56/24	Nye deltakarkommunar i Bergen og Omland Friluftsråd - Voss herad
PS 57/24	Uttale til endringar i spelemiddelordninga for anlegg til idrett og fysisk aktivitet
PS 58/24	Høyring - Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune
PS 59/24	Kultur som drivkraft - kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035. Rullering av handlingsprogram 2024-2027
PS 60/24	Referatsaker
RS 9/24	<i>Arbeidet med den interkommunale arealplan - orientering i møtet</i>
RS 10/24	<i>Kva skal til for at akvakulturnæringa går frå Raudt til Grønt – vårt arbeid i Region Nordhordland - orientering i møtet</i>
RS 11/24	<i>Presentasjon av Industriutvikling Vest, prosjekter og resultater - orientering i møtet</i>
RS 12/24	<i>Hillestad Digital Design og presentasjon av utviklingsprosjekt «Utvikling av fremtidens sikkerhetsstyringssystem – Nova Safe - orientering i møtet</i>
RS 13/24	<i>Notat om vidare prosess med kjernekraftutgreiing i Alver, aug. 24</i>
RS 14/24	<i>Drøfting – retningslinjer tildeling næringsfond - drøfting for utvalet</i>

PS 54/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Utval for næring, kultur og idrett - 03.09.2024:

Orienteringane vart flytta til etter sak 55/24. Ellers ingen merknader, samrøystes.

Vedtak i Utval for næring, kultur og idrett - 03.09.2024:

Innkalling og saksliste er godkjent.

PS 55/24 Godkjenning av møteprotokoll frå 18.06.2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Handsaming i Utval for næring, kultur og idrett - 03.09.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for næring, kultur og idrett - 03.09.2024:

Møteprotokollen er godkjent.

**PS 56/24 Nye deltakarkommunar i Bergen og Omland Friluftsråd -
Voss herad**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Alver kommune godkjenner at Voss herad vert ny deltakar i Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefellesskap, med verknad frå 01.01.2025. Den nye deltakarkommunen sitt ansvar og forpliktingar følgjer av samarbeidsavtalen og av Lov om kommuner og fylkeskommuner (LOV-2018- 06-22-83, frå 01.01.2020 «kommunelova»).

Handsaming i Utval for næring, kultur og idrett - 03.09.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Uttale i Utval for næring, kultur og idrett - 03.09.2024:

Kommunestyret i Alver kommune godkjenner at Voss herad vert ny deltakar i Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefellesskap, med verknad frå 01.01.2025. Den nye deltakarkommunen sitt ansvar og forpliktingar følgjer av samarbeidsavtalen og av Lov om kommuner og fylkeskommuner (LOV-2018- 06-22-83, frå 01.01.2020 «kommunelova»).

**PS 57/24 Uttale til endringar i spelemiddelordninga for anlegg til
idrett og fysisk aktivitet**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre vedtek uttalen med dei innspela som ligg føre under saksopplysningar.

Handsaming i Utval for næring, kultur og idrett - 03.09.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Innstilling i Utval for næring, kultur og idrett - 03.09.2024:

Alver kommunestyre vedtek uttalen med dei innspela som ligg føre under saksopplysningar.

PS 58/24 Høyring - Retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for næring, kultur og idrett legg ut nye retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune på høyring.

Høyringsperiode er 05.09–29.09.24

Handsaming i Utval for næring, kultur og idrett - 03.09.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for næring, kultur og idrett - 03.09.2024:

Utval for næring, kultur og idrett legg ut nye retningslinjer for tilskot til kultur og idrett i Alver kommune på høyring.

Høyringsperiode er 05.09–29.09.24

PS 59/24 Kultur som drivkraft - kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035. Rullering av handlingsprogram 2024-2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for næring, kultur og idrett godkjenner rullering av Kultur som drivkraft, handlingsprogram for 2024–2027 og anleggsstrategi 2024.

Handsaming i Utval for næring, kultur og idrett - 03.09.2024:**Tilleggsframlegg frå G.Nilssen-INP:**

Kommentar til språkbruksplan:

Administrasjonen må klarlegge hvor det overordnede ansvaret er forankret i kommuneplanarbeidet når det gjelder strategi og plan arbeid.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for næring, kultur og idrett - 03.09.2024:

Utval for næring, kultur og idrett godkjenner rullering av Kultur som drivkraft, handlingsprogram for 2024–2027 og anleggsstrategi 2024.

Kommentar til språkbruksplan:

Administrasjonen må klarlegge hvor det overordnede ansvaret er forankret i kommuneplanarbeidet når det gjelder strategi og plan arbeid.

PS 60/24 Referatsaker

Handsaming i Utval for næring, kultur og idrett - 03.09.2024:

Meldingane vart teke til orientering, samrøystes.

Vedtak i Utval for næring, kultur og idrett - 03.09.2024:

Meldingane er teke til orientering.